Foto Ketil Sandviken
Vokalist Paul Hansen har funne seg til rette hos Øyvind Staveland og Vamp.

I full harmoni

- På ingen måte nokon blåmåndag.

Av konsertanmelder: Ketil Sandviken - Publisert 21.04.2009

Eit fullsett Vågå kulturhus lot seg begeistre av nye Vamp, som framstår meir harmonisk og fullendt enn nokon gong i løpet av snart 20 års eksistens.

Det vart ingen måte nokon blåmåndag, men ein vellykka fest av rang da Vamp baud opp til konsert i Vågå kulturhus måndag kveld. Det stod godt i stil med den siste CD'en, «st. mandag», den femte mest selde plata i Norge i fjor med 65.000 eksemplar.

Mange trudde at brotet med vokalist Vidar Johnsen ville gå ut over den suksessfulle Haugesundgruppa. Men sjefen sjølv, Øyvind Staveland, og hans trufaste medmusikantar Torbjørn Økland, gitar og trompet, og bassist Calle Apeland har henta inn nye og langt yngre krefter og framstår betre enn nokon sinne, sett opp mot med dei tre tidlegare konsertane i Vågå og Gjende. Og Vamp er enda betre liv enn på plate.

Beste vokalisten?

Den nye vokalisten Paul Hansen er ikkje så kraftfull og råikkje så kraftfull og rå, men meir finstemt og var, og i følgje sjefen sjøl den beste av dei tre som har styrt mikrofonen i Vamp. Sonen Odin Staveland (23) trakterer trommer og tangentar, attpåtil trekkspel når det trengst, og har skrive dei fleste songane på det siste albumet. Full symfoni med Kringkastingsorkesteret (KORK) har medført eit fruktbart samarbeid med perkusjonist Birger Mistereggen frå Rendalen, også kjent folkemusikar på trommer og munnharpe.

Det bryggja opp til storm da han trakterte harpa i rått samspel med Stavelands virtuose fele, og vekte andekt da han slo taktfullt ping-pong på trommene attåt Odins vare tangentar. Mest som havet sjølv, det gjev og tek, syng og brusar, drønnar og flyt.

Det er desse kraftfulle taktskifta som ingen gjer Vamp etter. Eit stort register av drivande dyktige utøvarar som trakterer ei mengd instrument gjer det mogleg å byggje opp eit ekstremt repertoar. Det spenner frå dei mjukaste balladar til den villaste folkrock.

Helg på mandag

Konserten tok til med at nyvokalisten kom aleine inn på scena og akkompagnerte seg sjølv på gitar. Visst kan han både å syngje og spela.

Så braka det laus, i ei blanding av gammalt og nytt. «Ingeborg» må vera med. «Månemannen» er heller ikkje lett å lure seg unna, og «Tirna Noir» har dei prøvd å sløyfe ein gong. Da vart det reaksjonar.

I Vågå var det av dei siste på programmet, men ståande og taktfull applaus resulterte i to ekstranummer. «Den finaste dagen» passa svært så godt. Dette var ein helgedagsmåndag.

Sørdølane kan gle seg til konsert på Lillehammer måndag 27. april.

Se bildeserie fra konserten